



GOL KOMMUNE RÅDMANN OG STAB
Gamlevegen 4
3550 GOL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Irene Tronrud,

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2025 - Gol kommune

Gol kommune har avvik frå krav i løyvet i rapporteringsåret 2025. Statsforvalteren har registrert at det for 2025 berre er rapportert innløpskonsentrasjon for KOF_{CR} for 11 av 12 påkravde prøvar. Innløpsprøve datert 20.04.2025 manglar, dette er eit avvik.

Rapporteringa viser at sekundærreinsekravet er oppfylt. Sidan det ikkje kan verifiserast om prøva datert 20.04.2025 oppfyller reinsekrava, kan det likevel ikkje slåast fast med sikkerheit at anlegget har overhalde sekundærreinsekravet.

Vi tek eigenkontrollrapportane og årsrapportane til etterretning.

Gol kommune skal betale eit gebyr på 10 600 kroner for vårt arbeid med eigenkontrollrapportane. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Rapporteringsskjema for 2026 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2027.

Vi viser til eigenkontrollrapportar og årsrapportar for Gol kommune sitt avløpsnett, samt Gol avløpsreinseanlegg og Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Vi viser også til rapporten *Årsrapport 2025, Gol renseanlegg* utarbeidd av Rambøll.

Avløpsnett til Gol avløpsreinseanlegg

Gol kommune har rapportert at avløpsnettet til Gol avløpsreinseanlegg har seks installerte nødoverløp og ingen regnvatnoverløp. De har berekna at 30 m³ ureinsa avløpsvatn og berre 0,105 kg fosfor vart sleppt ut i Hallingdalselva ved overløp i rapporteringsåret 2025. Dette er ei forbetring samanlikna med rapporteringsåret 2024, då de berekna at 2 289 m³ ureinsa avløpsvatn og over 5,3 kg fosfor vart sleppt ut i Hallingdalselva.

Gol kommune rapporterer at det er 3 465 innbyggjarar og ingen fritidsbustader tilknytt avløpsnettet i 2025. Dette er ei auke på 635 innbyggjarar samanlikna med det som vart rapportert i 2024. Kommunen oppgjer i årsrapporteringsskjemaet at 10 nye abonnentar har vorte tilknytt i 2025.



Gol kommune har i løyvet sitt krav til verknadsgrad i punkt 3.1.5, som seier at utslepp på grunn av feil ved leidningsnett, stans i pumpestasjonar og liknande ikkje skal redusere verknadsgraden i avløpsnettet med meir enn 5 % fram til 31. desember 2027, og deretter maksimalt 3 % over året.

Vidare er det i punkt 3.1.4 i løyvet sett krav om at den samla mengda utslepp via driftsoverløp over året ikkje skal vere over 2 %. Kommunen rapporterer at 0,04 % av den totale tilførte vassmengda i *tettbebyggelsen* har vorte sleppt ut via driftsoverløp i rapporteringsåret.

Gol kommune rapporterer ein verknadsgrad for avløpsnettet på 137 % for 2025.

I årets rapporteringsskjema har Statsforvaltaren inkludert spørsmål om berekna/estimert verknadsgrad og vassmengd sleppt ut via driftsoverløp. Det finst per i dag ingen standard metode for å berekne verknadsgrad. Vi brukar difor årets rapportering til å samle inn data for å få betre oversikt over omfanget av overløpsutslepp og lekkasjar, samt vurdere om kommunane kan berekne verknadsgrad på ein nyttig måte. Kravet til delen driftsoverløp skal bidra til å redusere bruken av overløp og stimulere til oppgradering av leidningsnett. I første omgang blir rapporteringa òg brukt til å kartlegge kor stor del av overløpa som er driftsoverløp i regionen. Sidan dette er ei innleiande kartlegging, vil det ikkje bli gitt avvik for eventuelle brot på krava i årets tilbakemelding. Det kan likevel bli aktuelt med strengare oppfølging i neste års rapportering.

Gol avløpsreinseanlegg

Det er for 2025 rapportert at Gol avløpsreinseanlegg har motteke og behandla 331 041 m³ avløpsvatn og at 136 m³ har gått i overløp ved avløpsreinseanlegget. Avløpsvatnet i overløp utgjer 0,04 % av alt vatn inn til avløpsreinseanlegget. Det er rapportert om 13 % mindre avløpsvatn inn til reinseanlegget i 2025 enn i rapporteringsåret 2024, og vassmengda som har gått i overløp ved anlegget er redusert med 64 % samanlikna med 2024, og har ikkje vore så låg noko rapporteringsår tidlegare.

Gol avløpsreinseanlegg har frå 01.01.2025 krav om minst 95 % reduksjon av fosfor, og ei øvre grense for årleg utslepp på 224 kg fosfor. Anlegget oppfyller begge krava i rapporteringsåret. Den gjennomsnittlege reinsegraden for fosfor var 96,13 %, og berekna utslepp av fosfor frå anlegget var 110 kg.

Avløpsreinseanlegget overheld vidare også sekundærreinsekravet i 2025. Alle 36 enkeltprøver for BOF₅ og KOF_{CR} oppfylte reinsekrava.

Dimensjonerande kapasitet for Gol avløpsreinseanlegg er oppgitt å vere 9 293 pe (BOF₅). Kommunen har rapportert at den målte maksvekelasten i 2025 var 9 520 pe (BOF₅). Etter våre utrekningar er maksvekelasten for BOF₅, basert på enkeltprøva frå maksveka 05.09.2025, 11 111 pe (BOF₅). Dette er høgare enn det kommunen sjølv har målt. Dette kan tyde på at anlegget er overbelasta med organisk stoff. Anlegget oppfyller likevel reinsekrava for 2025, men vi minner om at kommunen ikkje må tillate påslepp som kan gjere det vanskelegare å overhalde reinsekrava.

Avløpsnett til Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Gol kommune har rapportert at avløpsnettet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg har to installerte nødoverløp og ingen regnvatnoverløp. Det er ikkje rapportert om nokre tilfelle av overløp i 2025. Gol kommune rapporterer at det er 600 fritidsbustader og 25 innbyggjarar tilknytt avløpsnettet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg i 2025. Dette er same talet som ble rapportert tidlegare år. I årsrapporteringsskjemaet opplyser kommunen om at det har blitt tilknyttet 10 abonnentar i 2025.



Vidare skriv Gol kommune i årsrapporterings skjemaet at verknadsgraden til avløpsnettet er 51 % i 2025. Kommunen rapporterer om at 0 % av den totale tilførte vassmengda i tettbebyggelsen har vorte slept ut via driftsoverløp i rapporteringsåret. Vi viser til informasjon om kartlegging i rapporteringsåret 2025 under «Avløpsnett til Gol avløpsreinseanlegg».

Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Det er for 2025 rapportert at Golsfjellet avløpsreinseanlegg har motteke og behandla 49 167 m³ avløpsvatn og at det ikkje har vore overløp ved avløpsreinseanlegget. Statsforvaltaren merkar seg at dette er fyrste rapporteringsåret kor avløpsvatn ikkje har gått i overløp ved anlegget. Vassmengda inn til avløpsreinseanlegget er vidare redusert med 17 % samanlikna med tal for 2024.

Dimensjonerande kapasitet for Golsfjellet avløpsreinseanlegg er oppgitt å vere 5 000 pe (BOF₅). De har rapportert at den målte maksukebelastningen i 2025 var 2 844 pe (BOF₅). Dette stemmer med vår utrekning.

Etter forureiningsforskrifta kapittel 14 og krava i utsleppsløyvet skal kommunen gjennomføre regelmessig og representativ prøvetaking av innløp og utløp, og ha ein utsleppskontroll som sikrar eit tilstrekkeleg og påliteleg datagrunnlag for å dokumentere reinseeffekt og etterleving av krav. Statsforvaltaren har registrert at det for 2025 berre er rapportert inn innløpskonsentrasjon for KOF_{CR} for 11 av 12 påkravde prøver. Innløpsprøve for KOF_{CR} datert 20.04.2025 manglar, og dette er eit avvik. I e-post datert 12.05.2026 opplyser kommunen at det vart sendt inn feil analysepakke til laboratoriet, noko som førte til at laboratoriet utførte feil analysar på prøva. Dette er ikkje i samsvar med krava til fullstendig og representativ prøvetaking, jf. § 14-11 i forureiningsforskrifta, og medfører at datagrunnlaget for utsleppskontrollen ikkje er tilstrekkeleg. Manglande prøver svekkjer høvet til å dokumentere reinseeffekt, verknadsgrad og etterleving av krava i løyvet. Statsforvaltaren føreset at kommunen framover sikrar fullstendig og representativ prøvetaking i samsvar med regelverket og utsleppsløyvet.

Golsfjellet reinseanlegg oppfyller reinsekravet for fosfor på 93 % i rapporteringsåret, med ei berekna reinseeffekt på 98,56 % for fosfor. Anlegget held også grensa for samla årleg restutslepp av fosfor på 530 kg. Berekna utslepp av fosfor frå anlegget i 2025 var 6 kg. Rapporteringa viser at sekundærreinsekravet er oppfylt. Sidan det ikkje kan verifiserast om prøva datert 20.04.2025, nemnd over, oppfyller reinsekrava, kan det likevel ikkje slåast fast med sikkerheit at anlegget har overhalde krava fullt ut.

Tilbakemelding på resipientovervakingsrapport

Statsforvaltaren viser til årsrapport for 2025 for resipientovervaking i Hallingdalselva og Tisleifjorden ved Gol og Golsfjellet reinseanlegg i Gol kommune.

Rapporten stadfestar at det i 2025 vart gjennomført totalt 7 prøvetakingar for vasskjemi oppstraums og nedstraums Gol reinseanlegg, og 6 prøvetakingar oppstraums og nedstraums Golsfjellet reinseanlegg.

Det vart teke prøver av begroingsalgar oppstraums reinseanlegget i 2023, og i tråd med overvakingsprogrammet skal det ikkje takast nye prøver før i 2026. Resultata er lagde inn i Vannmiljø. Vi registrerer at overvakingsdata for 2025 ved Gol reinseanlegg oppstraums og nedstraums er dobbeltregistrerte. For Golsfjellet reinseanlegg nedstraums (012-28722) er det ikkje registrert data for 2025.



Vi minner om at pålegget om resipientovervaking inkluderer parameteren løyst reaktivt ortofosfat på filtrerte prøver (P-ORTO-F). I Vannmiljø er data frå prøvestasjonen Tisleifjorden frå land oppstraums registrerte som ufiltrert fosfat (PO₄-P), sjølv om det i rapporten og vedlagde analysar er oppgitt analyse av løyst reaktivt ortofosfat. Vi ber om at dette blir følgt opp, og at framtidige prøver blir tekne i tråd med pålegget om resipientovervaking. Vi minner om at det er kommunen sitt ansvar, i tråd med gjeldande utsleppsløyve, å sørge for korrekt og fullstendig registrering av data. Riktig datagrunnlag er ein føresetnad for korrekt klassifisering av miljøtilstanden etter vassforskrifta.

Metodar og resultat er presenterte på ein oversiktleg måte, og det er gjort vurderingar av tilstand og påverknad. Det er òg gjort samanlikningar med data frå tidlegare år.

Vi tek årsrapporten for resipientovervaking av Gol og Golsfjellet reinseanlegg til etterretning.

Andre kommentarar

Gol kommune har i brev datert 18.12.2025 (sak: 2020/13024), i samband med vurdering av krav om nitrogenfjerning og oppfølging av endring i utsleppsløyve, gjennomført ei utgreiing av handlingsrommet til kommunen for å få på plass nitrogenreinsing for avløpsvatnet frå *Gol tettbebyggelse*. Gol kommune skriv i nemnde brev at det er gjennomført nye utgreiingar av storleiken til Gol *tettbebyggelse*, og konkluderer med at *tettbebyggelsen* ikkje vil overstige 10 000 pe (BOF₅) i løpet av dei neste 10–15 åra. Kommunen ønskjer derfor utsett frist for krav om nitrogenreinsing. Vi viser til vårt svar datert 04.02.2026, der vi konkluderte med at dersom Statsforvaltaren skal kunne vurdere å utsetje krav om nitrogenreinsing for Gol *tettbebyggelse*, må kommunen søkje Statsforvaltaren om endring av ramma i utsleppsløyvet. Statsforvalteren merkar seg at vår berekning for 2025 (se over) likevel viser at maksvekelasten er over 10 000 pe (BOF₅).

Nytt løyve for Golsfjellet reinseanlegg

Statsforvaltaren behandlar søknad om nytt løyve for Golsfjellet i eiga sak: 2020/13024.

Konklusjon

Gol kommune har avvik frå krav i løyvet i rapporteringsåret 2025. Statsforvaltaren har registrert at det for 2025 berre er rapportert innløpskonsentrasjon for KOF_{CR} for 11 av 12 påkravde prøvar. Prøve datert 20.04.2025 manglar. Dette er eit avvik.

Rapporteringa viser at sekundærreinsekravet er oppfylt. Sidan det ikkje kan verifiserast om prøva for KOF datert 20.04.2025, oppfyller reinsekrava, kan det likevel ikkje slåast fast med sikkerheit at anlegget har overhalde sekundærreinsekravet.

Statsforvaltaren merkar seg at kommunen har rapportert ein maksimal vekebelastning på 9 520 pe (BOF₅) i 2025. Våre utrekningar, basert på prøve frå maksveka 05.09.2025, viser ein høgare verdi på 11 111 pe (BOF₅).

Vi merkar oss vidare at data i Vannmiljø for løyst reaktivt ortofosfat (P-ORTO-F) er feilregistrerte, som ufiltrert fosfat (PO₄-P) ved ein stasjon. Vi føreset at dette blir retta, og minner om at kommunen har ansvar for korrekt og fullstendig datagrunnlag i tråd med løyvet.

Utover dei ovannemnde kommentarane tek vi eigenkontrollrapportane og årsrapportane for 2025 til etterretning.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:



<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>.

Rapporteringsskjema for 2026 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2027. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvalteren skal leggst som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering heter «Avløp – årlig rapportering» og finnes i vårt skjemabibliotek:

[Skjema og tjenester | Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus](#).

Eigenkontrollrapportens data om årlege utslepp for avløpsreinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden Norske Utslepp i juni 2026. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsanlegg/?SectorID=100>.

Gebyr for saksbehandlinga

Vi gjer merksam på at det vil bli kravd gebyr for saksbehandling av eigenkontrollrapportane, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-5 *Gebyr for arbeid med eigenkontrollrapportar*, som vart tatt inn i forskrifta i 2023. Gebyret er på 5 300 kroner per eigenkontrollrapport. For Gol kommune er det i dette brevet gitt ei samla tilbakemelding på 2 eigenkontrollrapportar. Gebyret vil derfor utgjere 10 600 kroner.

Miljødirektoratet ettersender faktura.

Med helsing

Mabel Katrine Seland Trovum
fagleder
Klima- og miljøvernavdelingen

Irene Tronrud
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent